



Arild og Christin Bakke Folkedal
Jonsokgrenda 13
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3224 - 16/22771

Saksbehandlar:
Kjersti Møllerup Subba
kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no

30.11.2016


Reguleringsplan for Danielsen skule

BEGRENSA HØYRING

Forslag til reguleringsplan for Danielsen skule var til offentlig ettersyn og høyring sommaren 2013. Etter at saka har lagt ei tid i bero, ønskjer forslagstillar (Nordhordland indremisjon) no å slutføre planarbeidet. I samband med dette vert det no jobba med naudsynte justeringar av planforslaget slik at dette kan fremjast til endeleg vedtak i kommunestyret.

Kommunen har i si sakshandsaming etter offentlig høyring bede om at planområdet vert utvida langs sørsida av Mjåtveitvegen, for å sikre at det er nok areal til å få gjennomført fortauet som er regulert inn i planforslaget. Planområdet vert utvida med reguleringsformålet «anna veggrunn». Det kan med anna vere behov for ei fjellskjering innafør dette området.

I utgangspunktet har kommunen bede om at areal blei sett av fram til eigedomsgrensene til tomtene i Jonsokgrenda som grenser til Mjåtveitvegen. For dykkar eigedom kan dette vere litt knapt areal med tanke på å få gjennomført planen. Kommunen har difor bede om at noko areal til anna veggrunn vert avsett innanfor dykkar eigedom slik kartutsnittet under viser. Vidare detaljprosjektering når vegtiltaka skal gjennomførast vil vise kor mykje areal som trengs til skjering i dette området.



Sidan dykkar eigedom blir direkte berørt av endringane i planforslaget, vil vi med dette brevet varsle om desse endringane, jf. plan- og bygningsloven § 12-10.

Merknader til endringa i planforslaget må vera framsett skriftleg innan merknadsfristen. For å kome med merknad kan de senda e-post til postmottak@meland.kommune.no eller brev til Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug. Merknaden stilast til planavdelinga.

Merknadsfrist er sett til 21.12.16.

Dersom de har spørsmål i saka kan sakshandsamar Kjersti Møllerup Subba kontaktast på tlf. 56 17 11 73.

Med helsing

Kjersti Møllerup Subba
Rådgjever

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Arild og Christin Bakke Folkedal

Jonsokgrenda 13 5918

FREKHAUG